

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[**852**] N-78383. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 51; 1990b: [44].)

Innskrifta står på eit avbrote skaft av tre, etter alt å dømma eit fragment av ei skei eller ei ause(?). Gjenstanden slik han er bevart, er 99 mm lang, 18 mm på dei breiaste og 6 mm på det tjukkaste. Funnet vart gjort i 1981, felt FG, hovudfase 6. Det tilseier ein arkeologisk kontekst som kan daterast til tredje kvartal av 1100-talet.

Innskrifta går frå enden av skaftet og innover og er 15 mm lang. Runene er frå 9 til 13 mm høge. Første rune står i god avstand frå skaftenden (12 mm). Øvre del av r. 1 har stått på den avbrotne delen av skaftet, slik at den runa no er defekt. I 3-4 mm avstand frå enden av gjenstanden er det 3 svake riss som ikkje går heilt ned til basen for r. 1-3. Dei er lett avrunda i forma og har meir karakter av å vera del av ornamentikk enn rester av runer. Kvisten på r. 1 er dregen relativt langt ned og ut frå staven. Runa er no defekt, og det er tvillaust nedre del av **n** som står att. Staven på r. 3, under bogen, er skoren dobbelt med ein liten splitt nedst. Det let til å vera ei omattring for å gjera staven tydelegare, slik at runa sikkert nok må lesast som **þ** og ikkje som **r**. Ettersom ein del av gjenstanden med innskrift er tapt, kan vi ikkje sjå heilt bort frå at noko meir enn øvre del av staven i r. 1 også er borte. Slik brotkanten går i høve til innskrifta, er det einast ein kortstava **s** som i så fall vil kunna vera tapt.

[**þ**] | **þ**

[**n**] | **þ**

[*n*]ið `nid, hån, skam'.

Reint språkleg kan det her då vera tale om subst. *nið* n som kan tyda `nid, hån, skam'. Om gjenstanden har vore ei skei, vil ei slik lesing kunna gi oss grunn til å spekulera over kvaliteten på kosthald og smak på det som har vore servert, men meir enn spekulasjon har vi ikkje grunnlag for. Reint språkleg kan vi heller ikkje sjå heilt bort frå at det er ordet **snip** n (*snið* n) = `sniding, avsnidd stykke' som eigentleg har stått på dette skaftet, men bindande prov på det finst ikkje.